



Fritidsbustadundersøking

Nissedal kommune 2023



Vest-Telemark
Kommuner: Kviteseid - Hægebakk - Tvedestrand - Tokke - Vinje



Innovasjon
Norge



TELEMARK

Innholdsliste

Oppsummering

1. Bakgrunn og respons

1.1 Bakgrunn

1.2 Introduksjon

2. Om respondentane

2.1 Respons

2.2 Demografi

3. Om fritidsbustaden

3.1. Fritidbustadområde

4. Bruk av fritidsbustaden

4.1. Nissedal kommune heile året

4.2 Brukarar og bruksfrekvens

4.3 Bruk av fritidsbustaden i framtida

5. Utleige av fritidsbustaden

5.1. Utleige av fritidsbustaden

6. Stadlege kvalitetar og aktivitetstilbod

6.1. Medverkande årsaker for å eige fritidsbustad i Nissedal kommune

6.2. Er det andre viktige grunnar til at du har fritidsbustad i Nissedal kommune?

6.3. Motivasjon for å bruke fritidsbustaden

6.4. Aktivitetar og opplevingar

6.5. Utnytting av aktivitetstilbod

7. Tilrettelegging i fritidsbustadområde

7.1. Tilrettelegging for fritidsinnbyggjaren

7.2. Fritidsinnbyggjaren si oppleving av lokalsamfunnet

7.2.1 Oppleving av kommunen og innbyggjarane i vertskommunen

7.2.2 Bedriftene fritidsinnbyggjaren nyttar seg av

7.2.3 Informasjon om sikkerheit og vern av kultur, natur og dyreliv

7.2.4 Omfang av fritidsbustader.

8. Innkjøp i lokalsamfunnet

8.1 Innkjøp i samband med opphald i fritidsbustaden

9. Berekraft på reisemålet

9.1. Nissedal kommune som berekraftig reisemål

9.2. Energisparing i fritidsbustaden

9.3. Transportmiddel til/frå fritidsbustaden

10. Den samla opplevinga av reisemålet

10.1. Den samla opplevinga av Nissedal kommune som reisemål

Oppsummering

Rapporten gjev innsikt i fritidsbustadeigarar i **Nissedal kommune** sine haldningar og meiningar om Nissedal kommune som reisemål. Her er dei viktigaste funna:

1. Deltaking og mangfald:

- Rapporten inkluderer svar frå 10% av alle eigarar av fritidsbustader i Nissedal kommune, basert på ei undersøking med 250 respondentar.
- Det er ein god representasjon av både kjønn og aldersgruppe, med 60,9% menn og 38,3% kvinner. Dei fleste respondentane er i alderen 50-59 år (38,2%).
- Fritidsbustadeigarane på Gautefallheia og i Kyrkjebygdheia står for høvesvis 55,8% og 34,5% av svara.

2. Bruk og sesong:

- 92,4% av respondentane seier dei brukar fritidsbustaden heile året, og påska er ei populær tid for bruk.
- Områda i Nissedal kommune er godt tilrettelagde for sommar- og vinteraktivitetar.

3. Framtidig bruk:

- 62,8% av respondentane forventar å bruke fritidsbustaden på same måte i framtida, medan 31,6% planlegg å bruke den meir.
- 5,3% forventar å bruke den mindre, med hovudårsakar som auka kostnader generelt (76,9%) og auka straumprisar (61,5%)

4. Årsaker til å eige:

- Hovudgrunnen til å eige fritidsbustad i Nissedal kommune er å vere i naturen (96-97%). Andre viktige faktorar inkluderer passende avstand frå heimen (92%) og eit godt aktivitetstilbod (47,3%).
- Over 53% meiner skianlegga er ein svært eller ganske relevant årsak til å eige fritidsbustad i Nissedal kommune.

5. Aktivitetar og tilrettelegging:

- 77,5% meiner det er *svært* viktig å vere i naturen
- Aktivitetar som langrenn (81,3%) er meir populære enn toppturar på ski (38%) og alpint (33,6%).
- 86,2% føretrekkjer å gå på tur på eiga hand.
- Mange er nøgde med tilrettelegging for avfallshandtering og sortering, breiband, og mobildekning, men andre aspekt som tilbod av lokalmat i butikkane og ladestasjonar for el-bil får meir varierte svar.

6. Haldningar til fritidsbustader og berekraft:

- 31,9% meiner det er for mange fritidsbustader i Nissedal kommune, medan 59,3% meiner det bør vere strengare krav til bygging i fjellområda.
- Majoriteten meiner at Nissedal kommune framstår som eit berekraftig reisemål som tek vare på natur, kulturarv, og lokalbefolkning (72%).
- Interesse for å gjere energisparande tiltak er stor (67,9%), med bruk av LED-pærer og redusert innetemperatur som dei mest populære tiltaka.
- 44,8% brukar elektrisk bil, men kollektivtransport er lite brukt på grunn av manglande tilgjenge.

7. Oppleving av reisemålet:

- Mange er nøgde med opplevinga av Nissedal kommune som reisemål. 82,8% gjev reisemålet poeng mellom 7-10, på ein skala frå 0 til 10? (Der 0 er svært misnøgd og 10 er svært nøgd.)

1. Bakgrunn og respons



1.1 Bakgrunn

Denne rapporten viser resultatene frå ei spørjeundersøking utført blant eigarar av fritidsbustad i Nissedal kommune.

Nissedal kommunen er ein av dei seks kommunane som utgjer regionen Vest-Telemark, i Vestfold og Telemark fylke. Nissedal kommune er den fjerde største kommunen i Vest-Telemark når det kjem til areal.

Nissedal kommune er den nest minste kommunen i Vest-Telemark når det kjem til innbyggjartal, men den andre største når det kjem til tal fritidsbustader. 18% av alle fritidsbustader i Vest-Telemark ligg i Nissedal kommune.¹

Totalt har 250 fritidsbustadeigarar i Nissedal kommune svara på dei 39 spørsmåla i undersøkinga. Tal frå SSB viser at det er 2588 fritidsbustader i Nissedal kommune². Det vil seie at omlag 10% av fritidsinnbyggjarane i kommunen har svara på undersøkinga.

Undersøkinga blei distribuert på fleire ulike vis. Kommuneadministrasjonen var hjelpsam med oversikt over utbyggjarar, grunneigarar og hytteveiv. Kontaktpersonane har vore med å dele undersøkinga via nyheits- og informasjonsbrev. Facebook-grupper retta mot fritidsinnbyggjarar i dei ulike fritidsbustadområda blei også i stor grad nytta.

Undersøkinga blei i hovudsak utført i perioden februar-april 2023, og er utført i samband med at kommunane i Vest-Telemark arbeider med å kvalifisera seg til merkeordninga «Berekraftig reisemål» for fyrste gong.

Merkeordninga er utvikla av Innovasjon Norge og er eit verktøy for reisemål som ønsker å arbeide systematisk og langsiktig med berekraft i reiselivet.

I Vest-Telemark er det Vest-Telemarkrådet som er prosjekteigarar av prosjektet *Merket for Berekraftig reisemål*. Visit Telemark er prosjektansvarleg.

Det er eit krav i merkeordninga om å utføre gjesteundersøking kvart 3. år. På den måten kan ein sjå på utviklinga over tid. Spørsmåla vil følgeleg vere dei same frå gong til gong, men justeringar må reknast med. Nokre spørsmål er obligatoriske for å kunne svara på indikatorar i merkeordninga. Den totale innsikta som undersøkinga gjev oss er viktig for vidare utvikling av reiselivet i Nissedal kommune og i Vest-Telemark.

Fritidsinnbyggjarar blir rekna som *gjester* slik som andre turistar. Sidan fritidsinnbyggjaren har ein annan type bruk av vertskommunen enn ein vanleg turist, har me valt å lage to forskjellige undersøkingar: Gjesteundersøking (for turistar som ikkje eig eigen fritidsbustad i Vest-Telemark) og Fritidsbustadundersøking (for eigarar av fritidsbustad i Vest-Telemark).

Me vil rette ein stor takk til alle fritidsinnbyggjarane som har teke seg tid til å svare på undersøkinga.


1.2 Introduksjon

Turismen knytt til fritidsbustader i Nissedal kommune er betydeleg. Det er 1,77 fritidsbustader pr. innbyggjar i Nissedal kommune.³

Kommunen har omkring 2588 fritidsbustader. Nissedal kommune er ein av kommunane i Vest-Telemark som har hatt størst auke i tal fritidsbustader dei siste ti åra. Størst vekst har det vore i Vinje kommune med 34% auke. Nissedal kjem på tredje plass med 22% endring av tal fritidsbustader frå 2012-2023 (sjå tabell 1).

Kommunane i Vest-Telemark er forskjellige i forhold til turisme knytt til fritidsbustader. Dette er ein rapport for Nissedal kommune, kor meir enn 55% av respondentane eig fritidsbustad på Gautefallheia og nærmare 35% i Kyrkjebygdheia.

³ Frå Reiselivsstrategi for Vest-Telemark 2023 -2033 kap. 4.4 Hytteturisme



Figur 1: Tal fritidsbustader på tal innbyggjarar pr. kommune (SSB)

	Innbyggjarar		Fritidsbustader		Endring i tal fritidsbustader frå 2012 til 2023	Fritidsbustader pr. innbyggjar
	2023	2012	2023	2012		
Seljord	2961	1461	1457	1461	-0,27 %	0,49
Kviteseid	2446	994	1306	994	31 %	0,53
Nissedal	1459	2117	2588	2117	22 %	1,77
Fyresdal	1234	1327	1409	1327	6 %	1,14
Tokke	2201	1288	1383	1288	7 %	0,63
Vinje	3858	4343	5824	4343	34 %	1,51
Sum	14159	11530	13967	11530	21 %	0,98

Tabell 1: Utvikling i tal feriebusstader pr. kommune i Vest-Telemark i perioden 2012-2023 (SSB)



2. Om respondentane



2.1 Respons

Totalt 250 personar opna og fullførte undersøkinga. Av totalt 2588 fritidsbustader i Nissedal kommune utgjør del svar omlag 10% av alle eigarar av fritidsbustader i kommunen.

Med utgangspunkt i eit konfidensintervall⁴ på 95% får me ein feilmarginal på 6%. Feilmarginen beskriv i kva grad me kan forvente at svara i undersøkinga speglar heile populasjonen. Til dømes betyr det at om 60% har svart ja på eit spørsmål kan me med 95% sikkerheit gå ut frå at mellom 54% og 66% av den generelle populasjonen meiner at svaret er ja.



Foto: kyrkjebygdheia.no

⁴Les meir om konfidensintervall her: <https://no.surveymonkey.com/mp/margin-of-error-calculator/>

2.2 Demografi

Svara frå undersøkinga viser at det er ei god fordeling mellom kjønna og mellom aldersgruppene. Det er eit godt mangfald av respondentar:

Kjønn:


- 60,9% av respondentane er menn
- 38,3% er kvinner

Alder:


- Dei fleste respondentane er i aldersgruppa 50-59 år. Dei utgjør ein del på 38,2%
- 16,9% er i aldersgruppa 40-49 år
- 25,7% er i aldersgruppa 60-69 år

Bustad:

- 37,9% av respondentane er frå tidlegare Telemark fylke
- 27,2% er frå tidlegare Vestfold fylke
- 26,8% er frå Agder fylke
- 2,2% er frå Oslo fylke
- 1,8% er frå tidlegare Østfold fylke
- 1,8% er frå tidlegare Akershus fylke
- 1,3% er frå tidlegare Buskerud fylke



Figur 2: Kva fylke bur du i? (N = 224)



Figur 3: Kva er din alder? (N = 249)



3. Om fritidsbustaden



3.1. Fritidbustadområde

Undersøkinga er lagt opp slik at det berre er dei som eig fritidsbustad i ein av kommunane i Vest-Telemark som har høve til å svare.

Om lag 13% av alle svara som blei henta inn i Vest-Telemark kjem frå Nissedal kommune. Mesteparten av respondentane eig fritidsbustad på Gautefallheia og i Kyrkjebygdheia. Kommunen var hjelpsame med kontaktinformasjon til utbyggjarar, grunneigarar og hytteveiv, men flest svar blei henta inn ved hjelp av Facebook-grupper knytt til hytteveiv og hytteområde. I Nissedal kommune er Gautefallheia og Kyrkjebygdheia dei områda med større tal og tettleik av fritidsbustader.

55,8% av respondentane eig fritidsbustad på Gautefall.

34,5% av respondentane eig fritidsbustad i Kyrkjebygdheia.

Eit mindretal av respondentar svarar «Anna» og spesifiserer at dei eig fritidsbustad i:


Øverlandsheia

Bjønntjønn

Utsjå

Stølsheia

Fjone



Figur 4: Kvar i Nissedal kommune har du fritidsbustad?
(N = 249)




4. Bruk av fritidsbustaden

4.1. Nissedal kommune heile året

På spørsmål om kva tider/periodar av året fritidsbustaden blir brukt, svarer 92,4% at dei bruker fritidsbustaden heile året.

Det viser at Nissedal kommune har noko å tilbyde fritidsinnbyggjaren til alle årstider. Svare viser at det er større vekt på bruken i vinterhalvåret. Påska, desember til mars, og langhelger er tider på året der fritidsbustaden blir mykje nytta.

Fleire områder med fritidsbustader i Nissedal kommune er godt tilrettelagde for vinteraktivitetar. På Gautefallheia og i Kyrkjebygdheia er det alpinanlegg. Alpinanlegget på Gautefall ligg rett nok i Drangedal kommune, men blir også nytta av fritidsinnbyggjarane i Nissedal kommune. Fleire fritidsbustadområde er også godt tilrettelagde med langrennsløyper.




Figur 5: Kva for tider/periodar i året bruker du fritidsbustaden din? (N=250)

4.2 Brukarar og bruksfrekvens


I samsvar med at fritidsbustaden blir brukt heile året, svarer 44,8% at fritidsbustaden blir brukt meir enn 50 dagar i året.

Fritidsbustaden blir stort sett brukt av vaksne. 53,0% svarer at dei som oftast er 2 vaksne i fritidsbustaden, medan 24,5% svarer at dei er 4 vaksne.

Det er 15,0% som har med seg eit barn, 25,5% som har med 2 barn, og 37,5% som ikkje har med seg barn.



Figur 6: Kor mange personar nyttar fritidsbustaden når den er i bruk?
(Tal barn og tal vaksne) (N=249)



Figur 7: Kor mange døgn i året trur du at fritidsbustaden er i bruk? (N= 250)


4.3 Bruk av fritidsbustaden i framtida

Auka kostnadar ser ikkje ut til å påverke den framtidige bruken av fritidsbustaden i Nissedal kommune. Over 62,8% svarer at dei ser føre seg same bruk av fritidsbustaden som i dag, medan 31,6% ser føre seg ein auka bruk av fritidsbustaden i tida framover.

13 respondentar svara at dei ser føre seg mindre bruk av fritidsbustaden i framtida. Dette utgjør 5,3% av alle som svara på spørsmålet.



Foto: Kjetil Kalis




Figur 8: Korleis ser du føre deg at bruken av fritidsbustaden din blir i framtida? (N =247)


4.3 Bruk av fritidsbustaden i framtida

Hovudårsaka til auka bruk av fritidsbustaden er at fleire blir pensjonistar og har betre tid til å opphalde seg der. 53,8% oppgjev pensjonisttilvære som årsak til auka bruk. Nærmare 38,5% har ein fleksibel arbeidssituasjon som legg til rette for heimekontor og bidreg til fleire og lengre opphald i fritidsbustaden. 30,8% har barn som flytter heimanfrå, og same prosentdel har så god standard på fritidsbustaden sin at det bidreg til auka bruk.

76,9% av fritidsinnbyggjarane som ser føre seg *mindre* bruk av fritidsbustaden i framtida, oppgjev at auka kostnader generelt er årsak til mindre bruk. 61,5% oppgjev at grunnen er auka kostnader generelt.



Figur 9: Kva er grunnen til at du ser for deg auka bruk av fritidsbustaden i framtida?
(N = 78) (Fleirval)



Figur 10: Kva er grunnen til at du ser for deg mindre bruk av fritidsbustaden i framtida?
(N = 13) (Fleirval)

5. Utleige av fritidsbustaden




5.1. Utleige av fritidsbustaden


Det er mange formidlingsbyrå kor eigarar av fritidsbustader kan leige ut fritidsbustaden sin. Nokon av dei store kommersielle er Booking.com, AirBnB, Novasol og Finn.no. Nokre stader i Vest-Telemark finst også lokale utleigefirma. I Nissedal kommune er det ikkje lokale utleigefirma.

I Nissedal kommune er det 13 av dei 245 som svara på spørsmålet som leiger ut fritidsbustaden sin heile eller delar av året.


Av 228 svar kan 67 respondentar tenkje seg å leige ut om inntekta er mellom kr. 10 000,- og 200 000,- i året. 157 respondentar (68,9%) kan ikkje tenkje seg å leige ut uavhengig av inntekt.



Figur 11 Leiger du ut fritidsbustaden din? (N=245)



Figur 12 Kan du tenkje deg å leige ut fritidsbustaden din dersom du får ei leigeinntekt på: (N=228)



Figur 13 På kva måte leiger du ut fritidsbustaden din? (N=13)



6. Stadlege kvalitetar og aktivitetstilbod




6.1. Medverkande årsaker for å eige fritidsbustad i Nissedal kommune

Det er naturen og tuområda i Nissedal kommune, sommar og vinter, som er viktigaste grunn for å eige fritidsbustad i kommunen. Det oppgjev 96-97% av dei som har svara på undersøkinga. Andre viktige årsaker er at det er passe avstand heimanfrå (92%).

53,6% meiner at skianlegget er ei svært eller ganske relevant årsak for å eige fritidsbustad i Nissedal kommune.

47,3% meiner at aktivitetstilbodet i området er ei svært eller ganske relevant årsak for å eige fritidsbustad i Nissedal kommune.

Å ha slekt/røter i regionen, eller å ha arva fritidsbustad, er mindre relevante årsaker for å eige fritidsbustad i Nissedal kommune. Over 75% svarar at slekt og arv er ein svært lite relevante grunn til å eige fritidsbustad i kommunen.



Figur 14 Kor relevant er følgjande faktorar for at du/de har fritidsbustaden i Nissedal kommune? 5 = Svært relevant, 1 = Svært lite relevant (N=248)

6.2. Er det andre viktige grunner til at du har fritidsbustad i Nissedal kommune?

"Fantastisk plass, kort vei til alt med bil."

"Hovedgrunnen er den fantastiske naturen."

"Kort reisevei, rimeligere offentlige avgifter enn nabokommunen."

"Fin natur, fine muligheter for turer hele året."

"Gode fiskemuligheter."

"Langrennsløyper."

"Ektefelle fra Sørlandet, men vi bor i Oslo. Nissedal er midt i mellom, noe som gjør kontakt med familie på Sørlandet enklere."

"Snøsikkert, helårs, rimeligere enn for eksempel Vinje."

"Stisyklingmuligheter."

"Hytta som utgangspunkt for turer til fots, på sykkel eller med bil i hele regionen.«

"Snørikt og levelig eiendomsskatt."

"Vi valgte å ha hytte i Nissedal fordi det gir et godt utgangspunkt for å kunne besøke andre bygder/byer i Telemark."



Foto: Visit Telemark




Figur 15: Er det andre viktige grunner til at du har fritidsbustad i Vest-Telemark? (N = 67)

6.2 Motivasjon for å bruke fritidsbustaden

Av dei 248 svara på spørsmål om kva som er viktige årsaker til at fritidsbustaden blir brukt, svarer 95,9% at hovudårsaka er det å nyte roa. Av dei meiner 67,2% at det er *svært viktig* å nyte roa.

Det er nesten like viktig å vere aktiv i naturen om sommaren og på vinteren, det oppgjev 90-94% av respondentane. Det å vere saman med familie/vener meiner 90% er ein ganske eller svært viktig årsak for å bruke fritidsbustaden.

66% svarer at organiserte aktivitetar er *ganske eller svært lite* viktig årsak til at fritidsbustaden blir brukt.



Figur 16: Kor viktig er følgjande årsaker for at du bruker fritidsbustaden? 5 = Svært viktig, 1 = Svært lite viktig (N=248) (Fleival)

6.3 Aktivitetar og opplevingar


Det viktigaste for fritidsbustadeigaren i Nissedal kommune er å vere i naturen. 77,5% meiner det er ein *svært* viktig aktivitet. 21,7% meiner det er *ganske* viktig.

Langrenn om vinteren er meir populært (81,3%) enn toppturar på ski (38%) og alpint (33,6%).

Nærare 86,2% svarer at det å gå på tur på eiga hand er ein viktig aktivitet, medan over 73% meiner at det å skulle gå med guide er ganske eller *svært lite* viktig.




Foto: Kjetil Kalis



Figur 17: Kor viktig er følgjande aktivitetar for deg når du er i Nissedal kommune? 5 = Svært viktig, 1 = Svært lite viktig (N=249)



Foto: Visit Telemark



Figur 18: Kva skal til for at du bruker fleire aktivitetstilbod i Nissedal kommune (N = 219) (Fleirval)

6.3 Aktivitetar og opplevingar

På spørsmål om kva som skal til for at fleire aktivitetstilbod blir nytta i Nissedal kommune, svarer 58,4% at betre informasjon er ein viktig faktor. 36,5% meiner at tilboda kunne vore betre.

12,3% Svarer at opningstidene skulle ha vore betre og 10,5% vil ha enklare transport.


13,7% svarer «Anna», men har ikkje kommentert ytterlegare.



7. Tilrettelegging i fritidsbustadområde



7.1. Tilrettelegging for fritidsinnbyggjaren



Figur 19: Kor nøgd er du med tilrettelegginga for deg som eigar av fritidsbustad i Nissedal kommune? 5 = Svært nøgd, 1 = Svært misnøgd, 6 = veit ikkje/ikkje relevant (N = 249)

På spørsmål om kor nøgd fritidsinnbyggjaren er med tilrettelegginga av tilbod og tenester knytt til fritidsbustaden svarer:

- 86,0% at dei er ganske/svært nøgd med avstand til avfallsorteringspunkt.
- 80,8% er ganske/svært nøgd med informasjon om korleis avfall skal handterast.
- 76,7% er ganske/svært nøgd med høve for kjeldesortering i fritidsbustaden
- 69,4% er ganske/svært nøgd med breiband og mobildekninga.
- 68,1% er ganske/svært nøgd med informasjonstavler og tilrettelegging av turstiar.
- 64,2% er ganske/svært nøgd med parkeringstilbod
- 46,9% er ganske/svært nøgd med opningstider på miljøstasjonen.
- 31,4% er ganske/svært nøgd med lokalmattilbodet i butikkane.

På dei resterande spørsmåla svarer fleire enn 55% at dei er nøytrale eller at dei ikkje ser på spørsmåla som relevante i sitt tilfelle.

7.2. Fritidsinnbyggjaren si oppleving av lokalsamfunnet


På spørsmål om kor einig eller ueinig respondenten er til påstandar knytt til si oppleving av lokalsamfunnet, kan spørsmåla delast inn i fire forskjellige tema. Kwart tema blir omtala i meir detalj på dei komande sidene:

7.2.1 Oppleving av kommunen og innbyggjarane i vertskommunen.

7.2.2 Bedriftene som fritidsinnbyggjaren bruker/besøker.

7.2.3 Informasjon om sikkerheit og vern av kultur og natur


7.2.4 Omfang av fritidsbustader.




Figur 20: Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstandar? 5 = Svært einig, 1 = Svært ueinig (N = 250)

7.2.1 Opplevinga av kommunen og innbyggjarane i vertskommunen


- 52,0% er svært eller ganske einige i at kommunen er oppteken av å leggje til rette for fritidsinnbyggjarane. 16,8% er ganske eller svært ueinige.
- 72,4% er svært eller ganske einige i at lokalbefolkninga er positive til fritidsinnbyggjarane. 5,2% er ganske eller svært ueinige i det.




Figur 21: Eg opplever at kommunen er oppteken av å leggja til rette for oss fritidsinnbyggjarar. (N=250)




Figur 22: Eg opplever at befolkninga i Nissedal kommune er positive til oss fritidsinnbyggjarar (N =250)



Figur 23: Eg opplever at dei som arbeider i servicebedrifter i Nissedal kommune er serviceinnstilte, imøtekomande og har god lokal kunnskap. (N=249)



Figur 24: Det er viktig for meg at bedriftene eg besøker er miljøsertifiserte (N=247)



Figur 25: Det er viktig for meg at bedriftene eg besøker viser miljøansvar (N=247)

7.2.2 Bedriftene som fritidsinnbyggjaren nyttar seg av


- 76,8% er svært eller ganske einige i at dei som arbeider i servicebedrifter i Nissedal kommune er serviceinnstilte.
- 33,6% er svært eller ganske einige i at det er viktig at bedrifter dei nyttar er miljøsertifiserte.
- 63,5% er svært eller ganske einige i at det er viktig at bedriftene viser miljøansvar.

7.2.3 Informasjon om sikkerheit og vern av kultur og natur

- 37,7% er ganske eller svært einige i at dei får god informasjon for å medverke til sikkerheit og omsyn til vern av natur og kultur. 22,1% er ganske eller svært ueinige.




Foto: Kasper M. de Thurah




Figur 26: Eg får god informasjon om kva omsyn me som eigarar av fritidsbustad må ta for å medverke til sikkerheit og vern av natur og kultur. (N=249)

7.2.4 Omfang av fritidsbustader

- 47,2% er nøytrale til om det er for mange fritidsbustader i Nissedal kommune. 31,9% er svært eller ganske einig i at det er for mange fritidsbustader i kommunen.
- 29,8% er nøytrale til at det bør stillast strengare krav til bygging av fritidsbustader i fjellområda. 59,2% er svært eller ganske einige i at det bør stillast strengare krav.



Figur 27: Eg tykkjer det er for mange fritidsbustader i Nissedal kommune (N=248)



Figur 28: Det bør stillast strengare krev til bygging av fritidsbustader i fjellområda (N =248)



8. Innkjøp i lokalsamfunnet




8.1 Innkjøp i samband med opphald i fritidsbustaden

Kvar blir daglegvarer kjøpt på veg til fritidsbustaden?


Ved helgeoppald svarer:

- 43% handlar heime før dei reiser
- 35% handlar undervegs i annan kommune enn der fritidsbustaden ligg
- 20% handlar i lokalområdet der fritidsbustaden ligg

Ved lengre opphald svarer 72% at dei handlar i lokalområdet der fritidsbustaden ligg.



Figur 29: Ved lengre opphald (N =247)




Figur 30: Ved helgeoppald (N = 248)



9. Berekraft på reisemålet





Figur 31: I kva grad er du einig i utsegna: Nissedal kommune framstår som eit berekraftig reisemål som tek vare på natur, kulturarv og lokalbefolkning (N = 250)

9.1. Nissedal kommune som berekraftig reisemål

I kva grad er du einig eller ueinig i utsegna: Nissedal kommune framstår som eit berekraftig reisemål som tek vare på natur, kulturarv og lokalbefolkning?


- 34% svarer at dei er svært einig i utsegna.
- 38% svarer at dei er litt einig i utsegna.
- 24% er nøytrale til utsegna.
- 3% er litt ueinige i utsegna.
- 1% er svært ueinige i utsegna.

9.2. Energisparing i fritidsbustaden


67,9% av fritidsinnbyggjarane er interessert å gjere energisparande tiltak.

Dei mest brukte tiltaka for å redusere energibruken i fritidsbustaden er:

- Bruk av sparepærer/LED-pærer (78,5%)
- Reduksjon av innetemperaturen (64,9%)
- Installasjon av sparedusj, bruk av smarte løysingar og el-billadar er det 23-33% som har fått på plass.



Figur 32: Er du interessert i å gjere energisparande tiltak og/eller andre miljøtiltak (N = 246)




Figur 33: Kva for energisparande tiltak er gjort i fritidsbustaden din? (N = 242)

9.3. Transportmiddel til/frå fritidsbustaden


Spørsmålet om kva transportmiddel som blir bruka for å reise til fritidsbustaden var eit fleirvals spørsmål. Dermed svarer over 100% at dei bruker privatbil. 71,2% bruker bil som er hybrid eller går på bensin eller diesel. 44,8% bruker elektrisk bil.

77,6% kan ikkje sjå at det er mogleg å koma seg til fritidsbustaden i Nissedal kommune med kollektivtransport.

16,7% svarer at dei i større grad vil nytte kollektivtransport om det finnast transportløyningar som gjer at ein kjem frå hytta og til butikken, eller andre stader ein treng/ønskjer. 13,8% trur dei i større grad vil nytte kollektivtransport om det fanst løyningar som gjer at ein enkelt kjem frå buss-/togstasjon og heilt fram til fritidsbustaden.



Figur 34: Kva hovudtransportmiddel nyttar du når du reiser til fritidsbustaden din?-(N=250)



Figur 35: Kva skal til for at du i større grad nyttar kollektivtransport når du reiser til fritidsbustaden din?-(N=246)

10. Den samla
opplevinga av
reisemålet




10.1. Den samla opplevinga av Nissedal kommune som reisemål

Dette er eit av to obligatoriske spørsmål i merkeordninga *Berekraftig reisemål*:

I kva grad er du einig i utsegna: Nissedal kommune kjendest overfylt fordi det er for mange turistar der?

- 29% er svært ueinige i utsegna
- 44% er ganske ueinige i utsegna
- 21% er nøytrale til utsegna
- 4% er ganske einige i utsegna
- 2% er svært einige i utsegna




Figur 36: I kva grad er du einig i utsegna: Nissedal kommune kjendest overfylt fordi det er for mange turistar der. (N= 250)

10.1. Den samla opplevinga av Nissedal kommune som reisemål

Dette er det andre av dei to obligatoriske spørsmåla i merkeordninga *Berekraftig reisemål*.

På ein skala frå 0 til 10, kor nøgd eller misnøgd er du med den samla oppleving av Nissedal kommune? Her er 50% nøgde og har gitt ei vurdering mellom 9-10, 42,8% er meir nøytrale og har gitt ei vurdering mellom 7-8, medan 7,2% er mindre nøgde og har gitt ei vurdering frå 0-6.



Figur 37: Kor nøgd eller misnøgd er du med den samla opplevinga av Nissedal kommune som reisemål, på ein skala frå 0 til 10? (Der 0 er svært misnøgd og 10 er svært nøgd.). (N=250)